




**PÅ RAUD GRUNN
EIN OPPRETT
SØLV HJORT**

Våpenet er godkjent ved kgl. res. 8.7.1977, og er teikna av Hallvard Trætteberg. Våpenmotivet har tilhørt Finne-ætta på Voss. Stamfaren, Peter bonde, førte ein opprett hjort i seglet sitt i 1303, og det er motivet i denne utforminga som ligg til grunn for kommunevåpenet. Andre i ætta brukte hjorten i andre utformingar. Også i dag kan hjorten vera eit høveleg motiv for vossebygdene, men motivet har i tillegg eit symbolsk innhald som går tilbake til mellomalderen (®403).

I mellomalderen utgjorde VOSS (*Vangen*) og *Vassveri* ei skippreide. *Vossaveldi* var delt inn i åttungar. Vassveri (*Vatsvern*), dei nedre bygdene mot Bolstadfjorden, var ein av desse åttungane. Voss prestegjeld omfatta soknene Vangen, Evanger, Oppheim og Vinje. Dei to sistnemnde soknene vart skilde ut som Vossestrand prestegjeld i 1866. Evanger var eige prestegjeld 1892-1969. Tilsvarende vart Vossestrand og Evanger egne kommunar i 1868 og 1885. Dei to kommunane vart slegne saman med Voss i 1964, med unntak av Evanger sitt område i Eksingedalen og Bergsdalen. Dette vart overført til Vaksdal. Vatsvern skippreide og lensmannsdistrikt endra namn til Evanger i 1867, og i 1886 vart namnet Vangen endra til Voss. Oppheim sokn vart overført frå Nærøy skippreide i Ytre Sogn til Voss i 1773.



VOSS

Det gamle Vossaveldet (gno. Vørsaveldi, òg nemnt Vørsafylki) skal ha strekt seg frå Vössaneset på nordspissen av Osterøyi til Oppheim på Vossestrand. Vassveri (*Vatsvern*), var den eldre administrasjonsnemninga på Evanger. Førsteleddet går truleg attende på gno. versir «vesser, folk frå Voss». Sisteleddet er gno. ver «vatn, hav». Evanger er altså vid, men Voss er vidare. Bolstad, gno. Bólstaðir, tyder kort og godt «bustaden». Horveid (ofte skrivne Horvei) inneheld eit gammalt namn på elva i dalføret, av gno. herfa «dreia, gå rundt». Sisteleddet er det vanlege ordet eid. Røyrgo hang saman med gno. reyrr «steinsamling». Fast fjell ligg derimot til grunn for Bjørgo. Ordet bjørg «berg, bergrad» er vanleg i stadnamn i Hordaland.

Vangskyrkja frå 1200-talet. Akvarell av Catharine Kølle, Utan år, men sannsynlegvis 1830-40-talet.

«Af Bergens Stift, i Wangs Præste Gield, een Kierke Gangs Kone». Draktfigur frå 1700-talet av Jørgen Garnaa (®414).

